




Bokn skule



Bokn 20.11.15

INFORMASJON TIL HEIMANE

Wenche L. Havikbotn, rektor
tlf 52752551

wenche.havikbotn@bokn.kommune.no


Ingunn Toft, seksjonssjef
tlf 52752534

ingunn.toft@bokn.kommune.no

Heimeside skule og barnehage

www.boknskule.no

Ansvarleg heimesida Stein Magnar Gjerde



Elevundersøkinga og foreldreundersøkinga 2015

Elevane har denne veka fått med seg ein konvolutt med informasjon og passord til foreldreundersøkinga. Dette er ei undersøking der de foreldre har moglegheit til å seia noko om korleis de opplever læringsmiljø på skulen. Undersøkinga er frivillig, men for at me skal kunne bruka resultatane er me avhengig av at de foreldre deltek, og at deltakinga er godt over 60 – 70 %. Både mor og far skal svara på undersøkinga for kvart born som går på skulen. Det vil seia at dersom de har to born på skulen har de fått fire informasjonsbrev med passord. Frist for å svara er 8. januar.

FAU

26.10 var det FAU-møte der alle klassekontaktane er medlemmer. På møte blei desse valt til leiar, nestleiar og sekretær:

Leiar:	Lillian Grønnestad
Nestleiar:	Daghild Grønnestad Alvestad
Sekretær:	Christine Berge Christiansen

Skulegudsteneste

Fredag 11. desember er det skulegudsteneste klokka 08:30. Dette er eit frivillig arrangement som de foreldre, eller dei elevane som er over 15, kan melde om fritak frå å delta på.

Dersom de ønsker å melda om fritak kan de gjera det til kontaktlærer eller til meg på e-postadressa som står på dette infoskrivet.

Melding om fritak må gjerast seinast måndag 7. desember.

Dei elevane som ikkje skal i kyrkja skal ha eit eige alternativ opplegg på skulen.

Skuleruta i desember

I år er juleavslutninga som de foreldre blir invitert til torsdag 17. desember.

Fredag 18. desember er ein skuledag for elevane fordi dei får avspasera måndag 21. desember.

Tysdag 22. desember er plandag, det vil seia at elevane har fri. Minner også om at SFO ikkje har ope på plandagen.

Siste skuledag for elevane før jul blir fredag 18. desember.

Meir informasjon om ting som skjer før jul vil komma på eit nytt infoskriv seinare og på vekeplanane framover.

Helsing

Wenche L. Havikbotn
rektor

